

# ÅRSMELDING 2009



# ELEKTRONISK REGISTRERING

Utviklinga går raskare og raskare. Fleire og fleire oppgaver vert utført på eit eller anna elektronisk vis. Vi betalar med kort, vi betalar rekninga i nettbanken og vi sender beskjedar med mobiltelefonen.

Brønnøysundregistra har ei sentral oppgåve i å utvikle offentlege tenester. Fleire og fleire etatar har dialog med brukarane elektronisk. Dette skjer gjerne gjennom Altinn. Også dei tradisjonelle registertenestene blir meir og meir elektroniske. I staden for å fylle ut eit skjema med penn og sende det med posten, vel fleire og fleire brukarar å nytte elektroniske løysingar for å registrere og rapportere gjennom Internett. I Brønnøysundregistra jobbar vi for å gjere dette så enkelt og trygt som råd, samtidig som vi jobbar for at ulike etatar effektivt kan handle saman ved hjelp av moderne løysingar. Dette er noko av det denne årsmeldinga handlar om.

# INNHALD

|   |           |
|---|-----------|
| Det skjedde i 2009  | <b>3</b>  |
| Direktøren sin leiar                                      | <b>4</b>  |
| Næringsministeren sitt forord                             | <b>6</b>  |
| Eitt år med Bedin og Narviktelefonane på laget            | <b>8</b>  |
| Fleirtalet av dei frivillige vel nettet                   | <b>9</b>  |
| Ambisiøst mål ved Lausøyreavdelinga                       | <b>10</b> |
| Fleire kan sende endringsmeldingar elektronisk            | <b>12</b> |
| Personleg ansvar når årsrekneskapen blir levert for seint | <b>13</b> |
| Oppfølging av gravide                                     | <b>14</b> |
| Deltak på tvers av landegrensene                          | <b>15</b> |
| Ditt Europa viser veg til Noreg                           | <b>15</b> |
| Eit godt konkurranse-år for ELMER                         | <b>16</b> |
| Registeroversikt  | <b>18</b> |
| Altinn bidreg til betre miljø                             | <b>20</b> |
| Altinn viser veg for næringslivet i Europa                | <b>22</b> |
| Altinn II: Forseinking gjev kvalitet                      | <b>23</b> |
| Justert organisasjon bak Altinn                           | <b>24</b> |
| Altinn statistikk   | <b>25</b> |
| Statistikk frå Brønnøysundregistra                        | <b>28</b> |
| Mål og resultat   | <b>42</b> |
| Hovudtal  | <b>43</b> |
| Rekneskap   | <b>44</b> |

This annual report is available in English from:  
[www.brreg.no/english](http://www.brreg.no/english)



## DET SKJEDDE I 2009

2. januar



Brønnøysundregistra sitt kontor i Narvik i drift

5. januar



Frivilligregisteret starta å registrere lag og foreningar

26. mars



Hessa KFUK-KFUM var nummer 10 000 i Frivilligregisteret

5. mai



Nye organisasjonsformer klare for elektroniske meldingar

31. august



Den første Altinn-dagen; informasjonsmøte for offentlege etatar og eksterne støttespelarar

19. november



ELMER finalist i European eGovernment Awards

18. desember



Konsekvensvalsutgreiing med tre alternativ for framtidige lokale for Brønnøysundregistra vart levert til NHD

28. desember



Altinn vart nasjonalt kontaktpunkt etter tenestedirektivet

## SAMARBEID OM E-FORVALTNING I VERDSKLASSE



Noreg har fått til noko som mange land misunner oss: Eit forpliktande og breitt samarbeid om elektroniske løysingar på tvers av etatsgrenser og i god dialog med dei viktigaste brukargruppene våre. Gjennom dette samarbeidet, som er utvikla gjennom mange år, har vi lagt eit grunnlag som burde føre oss til topps på alle rangeringar om «eGovernment».

Altinn er vår viktigaste innsatsfaktor her. Altinn-løysinga er etter det eg kjenner til unik i verda. Den har vore ein stor suksess til no, men potensialet for endå større vinstar hos næringslivet og i offentleg sektor er endå ikkje teke ut. Det er dette vi arbeider med no. Første del av utviklingsprosjektet Altinn II er gjennomført. Løysinga blir no drifta på ny og tidsriktig elektronisk plattform. Sentrale teneste-eigarar er i gang med å utvikle elektroniske tenester med dei nye verktya. Neste etappe er vi i god gang med – i tråd med

framdriftsplanane. Når vi er i mål med dette arbeidet, vil vi ha skapt grunnlaget for dei mest avanserte og effektive løysingane for elektronisk samhandling med offentleg sektor som kan skaffast. Vi vil ha skapt løysingar for e-forvaltning i verdensklasse!

I starten av januar opna vi vårt nye kontor i Narvik, gjennom overtakinga av Bedin og Narviktelefonane frå VINN. Kontoret er no ein integrert seksjon i Opplysningsavdelinga. Det er ei utfordring å skape ei samla avdeling av funksjonar som har så stor geografisk avstand, men tilbakemeldingane har vore positive frå seksjon Bedriftsveiledning, som er i vekst med nye oppgåver.

Frivilligregisteret har gjennomført det første driftsåret sitt med godt resultat. Vel 16 000 frivillige organisasjonar blei registrert. Gjennom Grasrotordninga fordelte Norsk Tipping 200 millionar kroner. Rutinar for momskompensasjon vil bli nye utfordringar for registeret.

Brønnøysundregistra var representert med to løysingar i konkurransen European eGovernment Awards i 2009: ELMER og Busida (tilgjengeleg i Altinn). Busida fekk heiderleg omtale og «Good practice»-merke, medan ELMER gjekk heilt til finalen blant 113 innsende bidrag. ELMER kom dessutan på sølvplass i finalen til Fyrlyktprisen 2009.

I denne årsmeldinga kan du lese om blant anna dette og nyttige statistikkar om statusen i norsk næringsliv.

God lesnad!  
Erik Fossum





GPS





## NÆRINGSMINISTEREN SITT FORORD



Foto: Henrik Kretzschmar

Målet for næringspolitikken er størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. Utan næringspolitikk som har kontinuerleg fokus på verdiskaping, vil vi ikkje vere i stand til å ta vare på og vidareutvikle dagens velferdssamfunn. Eit viktig element i næringspolitikken er å leggje til rette for ukompliserte og lite kostandskrevjande ordningar for kontakten mellom offentleg sektor og næringslivet. Brønnøysundregistra og Altinn spelar viktige roller i dette arbeidet.

Med etableringa av Altinn fekk næringslivet moglegheit til å utføre sine rapporteringar til staten elektronisk. Sidan oppstarten i 2003 har utviklinga i tenestetilbodet, tekniske løysingar og talet på samarbeidande etatar gått i eit imponerende tempo. I dag er 25 større og mindre etatar med i Altinn-samarbeidet, og over 700 skjema er tilgjengelege i Altinn-portalen.

Det er likevel viktig å påpeike at elektronisk forvaltning ikkje er eit mål i seg sjølv.

Elektroniske tenester er eit verkemiddel i arbeidet med å skape eit effektivt og konkurransedyktig næringsliv. Gode og brukarvennlege elektroniske tenester skal frigjere tid til verdiskaping i næringslivet og offentleg sektor. Utvikling av nye elektroniske tenester og smarte tekniske løysingar vil derfor vere eit viktig satsingsområde for å gjere verksemdene sin kvardag i Noreg lettare.

Altinn har så langt vore ein suksess. Over halvparten av alle offentlege skjema ligg no elektronisk tilgjengeleg i Altinn-portalen. Årlege brukarundersøkingar viser at Altinn har lykkast godt i å nå sitt mål om å tilby gode og brukarvennlege tenester. I dag seier 85 prosent av dei spurde at dei kjenner til Altinn, og tre av fire brukarar seier dei sparer tid på å bruke Altinn.

For at Altinn skal halde fram med å vere ein suksess, må dei elektroniske tenestene og løysingane i portalen vidareutviklast. Regjeringa bestemte derfor i 2008 at

Altinn skal vidareutviklast gjennom Altinn II-prosjektet. Eit av dei viktigaste måla med å vidareutvikle Altinn er betre samhandling mellom dei offentlege etatane som hentar inn opplysningar frå næringslivet. Slik vil offentleg sektor kunne fungera på ein meir samordna og effektiv måte for sine brukarar. Med sin framtidretta teknologi og innovative løysingar vil Altinn II syte for at Noreg og i framtida vil liggje i verdstoppen når det gjeld elektronisk forvaltning.

Det er med andre ord ikkje så lite vi ventar av Altinn og Brønnøysundregistra. Eg kjenner meg likevel trygg på at dette er utfordringar som vert løyst på ein god måte.

Trond Giske  
Nærings- og handelsminister



SNX

;—)



## EITT ÅR MED BEDIN OG NARVIKTELEFONANE PÅ LAGET

Etter å ha vore eit frittstående prosjekt under Nærings- og handelsdepartementet og drifta av VINN gjennom ei årrekke, vart Narviktelefonane og Bedin frå januar 2009 ein del av Brønnøysundregistra. Seksjonen i Narvik er ein del av Opplysningsavdelinga.

12 tidlegare VINN-tilsette, som i hovudsak hadde arbeidd med dette prosjektet, takka ja til overgang i samband med overdraginga av verksemda.

Då Narvik-seksjonen feira sitt eittårsjubileum, sat det 19 tilsette rundt bordet og åt kake. I talen sin sa direktør for Brønnøysundregistra, Erik Fossum, at han i alle fall ikkje kunne lova den same prosentvise auken i talet på tilsette i åra som kom.

Narviktelefonane og nett-tenesta Bedin er to parallelle tenester, begge med mål om å gjere det enklare å starte og drive bedrift i Noreg.

Personalmessig er det til dels ei overlapping, der fleire tilsette har både telefonvakter og fagansvar i Bedin. Dette har mange fordelar, ikkje minst nærleik til konkrete problemstillingar i det norske næringsliv. Narviktelefonane må kunne svara på breidden av spørsmål – alt frå etableraren i ein tidleg fase til tunge fagmiljø som nok er nisjeeksperter, men som kanskje ikkje kan heilheita. Telefonsamtalene kan verta lange. Og komplekse.

Teamet bak Narviktelefonane og Bedin har opplevd eit spanande første år som statleg verksemd, under heilt nye styrings- og kontrollsystem. Det har vore nokre utfordringar, men med like mange gode



løysingar. I luftline er det berre om lag 400 kilometer avstand mellom Narvik og Brønnøysund. Den avstanden har krympa ned til nesten null, berre i løpet av det første året.



## FLEIRTALET AV DEI FRIVILLIGE VEL NETTET

5. januar 2009 starta saksbehandlinga av innmelde lag, foreiningar og stiftingar til Frivilligregisteret.

Brønnøysundregistra er registerfører for Frivilligregisteret, og Norsk Tipping er operatør for Grasrotordninga.

Sidan starten for eitt år sidan er det registrert over 16 000 frivillige lag, foreiningar og stiftingar i Frivilligregisteret. Av desse nytta over 70 prosent seg av den elektroniske løysinga då dei skulle registrere seg. Over 90 prosent av einingane i Frivilligregisteret deltek óg i Grasrotordninga.

Rådgjevar ved Frivilligregisteret, Bjarne Rosted, fortel at det fyrste året har gått veldig greit.

- Datasystemet og arbeidet med saksbehandling har fungert veldig bra, og det har gått greit å få inn einingane. Det var mogleg å melde inn einingane allereie i desember 2008, men sjølve saksbehandlinga starta ikke før i januar 2009. For å vere med i Grasrotordninga frå starten, måtte ein vera registert i Frivilligregistret innan mars, så vi opplevde ein ekstra stor pågang av meldingar i januar og februar i fjor, sier Rosted.

I løpet av mars månad kom registrering nummer 10 000. Det var Hessa KFUM-KFUK speidargruppe frå Ålesund, og dei fekk ekstra omtale mellom anna i form av ei pressemelding frå Kulturdepartementet, der dåværende kyrkje- og kulturminister Trond Giske gratulerte. Speidargruppa frå Ålesund var óg ei av dei mange som valde å bruka Internett og den elektroniske løysinga då dei registrerte laget i Frivilligregisteret.

# AMBISIØST MÅL VED LAUSØYREAVDELINGA

I dag kjem 60 prosent av dokumenta som blir behandla ved Lausøyreavdelinga inn til oss gjennom elektroniske kanalar. – Målet vårt er 95 prosent, seier avdelingsdirektør Eirik Kristiansen. Vinsten av elektronisk behandling av dokument kjem både brukarane våre og oss til nytte. Det er raskare, sikrare, og kvaliteten på behandlinga av saker blir endå betre.

## Raskare og endå betre kvalitet

Elektronisk innsending er raskt og sikkert. Brukarane treng ikkje vente på postgangen, og dei har meir kontroll på det dei sender inn. Hos oss er saksbehandlinga maskinell. Det tyder at vurderinga alltid er objektiv og at like tilfelle blir behandla likt. Automatisk behandling fører til at saksbehandlings-tida blir ytterlegare forkorta i forhold til i dag, sidan vi framleis behandlar ein del papirdokument.

## Vellukka heilelektronisk løysing

I mars 2008 oppretta vi heilelektronisk løysing for registrering av Intet til utlegg og Utleggstrekk. Desse dokumenta blir sende til oss gjennom elektroniske kanalar og blir behandla maskinelt. Vi hadde heile 550 000 slike meldingar i 2009. Vi brukte mellom halvtanna og to årsverk på å handtere denne meldingsmengda. Til samanlikning ville ei manuell saksbehandling og kontroll av desse meldingane kravd mellom 25 og 30 årsverk.

## Visjonar

– På lengre sikt ønskjer vi å få inn heile 95 prosent av dei dokumenta vi skal behandle gjennom elektroniske kanalar. Dette er ambisiøst, men vi ser at fordelane er så store at dette er noko vi må satse på. – Vi legg til rette for elektronisk levering ved å utvikle løysingar som støttar ei slik

innsending. Vi ventar også på effekten av dei løysingane vi allereie har utvikla, men enno ikkje fullt ut har sett vinstane av, seier underdirektør Karl Erik Rørmark og avdelingsdirektør Eirik Kristiansen.

## OMGREPA INTET TIL UTLEGG OG UTLEGGSTREKK

*Intet til utlegg* tyder at det ikkje er funne verdiar som kan dekkje skuldnar si gjeld.

*Utleggstrekk* tyder at kravet mot skuldnar blir dekkja gjennom trekk i løn og/eller trygd.

Det er namnsmannen eller tingretten som tek avgjerd om *Intet til utlegg* og *Utleggstrekk*.





# FLEIRE KAN SENDE ENDRINGSMELDINGAR ELEKTRONISK

I 2009 vart Samordna registermelding i Altinn utvida, slik at det no er fleire organisasjonsformer som kan sende meldingar om endring, oppløysing og sletting elektronisk i Einings- og Føretaksregisteret.

Prosjektet med å gjere fleire organisasjonsformer sjansen til å gjere endringar elektronisk starta i januar, og endringane vart tekne i bruk i byrjinga av mai. Dei nye organisasjonsformene som kan sende endringsmelding elektronisk til Einings- og Føretaksregisteret er:

- Burettslag
- Eigarseksjonssameige
- Norsk avdeling av utenlandsk føretak
- Selskap med avgrensa ansvar
- Stiftingar
- Tingsrettsleg sameige
- Bustadbyggjelag
- Verdipapirfond
- Annan juridisk person

Prosjektleder Peggy Granås fortel at den elektroniske løysinga har skapt eit behov og etterspurnad etter å kunne gjere fleire prosessar elektronisk.

– Det var eit ønske frå brukarane våre å kunne sende endringsmeldingar elektronisk for fleire ulike organisasjonsformer.

I tillegg til å inkludere ni nye organisasjonsformer i den elektroniske løysinga vart det òg gjort ein jobb med filkonverteringsverktøyet.

– Dette er kanskje ikkje ei betring som brukarane våre tenkjer så mykje på, men no kan du laste opp mange fleire filtypar enn tidlegare, seier Granås.

Med dei nye organisasjonsformene nådde Brønnøysundregistra dei måla som vart sett for utviklinga av den elektroniske løysinga i 2009, men framleis vil jobben med å utvikle løysinga vidare halde fram.

– Målet er at alle registreringar av nye einingar og føretak og endringsmeldingar skal skje elektronisk, fortel underdirektør ved Føretaksregisteret, Øyvind Vågan.

Mot slutten av året og i januar er det som regel ein større pågang av elektroniske meldingar enn elles i året. I fjor kom det inn over 177 000 meldingar.

– Vi er avhengige av at folk nyttar seg av tenesta, og vi har ei rekkje aktivitetar for å gjere folk kjende med løysinga. Vi er mellom anna rundt i landet og arrangerer kurs, i tillegg til dei kursa som vert halde i Brønnøysund, fortel Vågan.



## PERSONLEG ANSVAR NÅR ÅRSREKNESKAPEN BLIR LEVERT FOR SEINT

Som styremedlem kan du bli halden økonomisk ansvarleg dersom årsrekneskapen blir levert for seint til Rekneskapsregisteret.

Då fristen for å levere årsrekneskapen for 2008 gjekk ut, kunne Rekneskapsregisteret melde om 31 000 løpande forseinkingsgebyr.

Innsendinga av årsrekneskap skal gjerast innan ein måned etter at rekneskapen er fastsett. Dersom ein skal unngå forseinkingsgebyr, må rekneskapen vere sendt inn før 1. august dersom ein leverer på papir, og før 1. september når ein sender inn elektronisk via Altinn.

Den rekneskapspliktige har plikt til å sende inn årsrekneskapen. Dersom denne plikta

ikkje blir overhalden, er heile styret ansvarleg. Der det ikkje finst noko styre, fell plikta på deltakarene og dagleg leiar. Desse står solidarisk ansvarlege for at gebyret blir betalt.

I praksis vil det seie at Statens innkrevjingsentral, som krev inn gebyra, kan krevje heile beløpet betalt frå den eller dei styremedlemene som ein meiner er best skikka til å betale. Dette kan bli monalege summar. Forseinkingsgebyret aukar dynamisk og løper i maksimalt 26 veker. Fullt gebyr blir då 44 720 kroner (etter dei satsane som gjeld per 1. januar 2010).



# JPG



## OPPFØLGING AV GRAVIDE

Rutinar for oppfølging av gravide skal gjere kvardagen ved Brønnøysundregistra lettare for gravide arbeidstakarar, og vonleg gjere sitt til å minske sjukefråveret under svangerskap.

Brønnøysundregistra vedtok i 2009 ein prosedyre for oppfølging av gravide. Formålet er å gjere arbeidsdagen enklare og redusere sjukefråveret blant gravide gjennom systematisk tilrettelegging av arbeidssituasjonen til den einskilde. Prosedyren gjeld alle gravide, ikkje berre førstegangsfødande.

I løpet av eit svangerskap skal det bli gjeve eit frivillig tilbod om tre møte. Det første er eit møte mellom jordmora og den gravide, medan dei to siste møta er mellom den gravide, leiaren hennar og jordmora. Dette er uformelle samtalemøte, der utveksling av praktiske opplysningar er det viktigaste innhaldet.

– Eg har hatt særskilt god røynsle med dette, seier Monica Dypaune, som har vore

med i eit prøveprosjekt der den nye framgangsmåten har vore brukt. – Samtalane fungerte godt og var svært nyttige. For at desse samtalanene skal bli best mogeleg, er det viktig at det første møtet finn stad tidleg i svangerskapet. Dermed får leiaren tidleg vite kva plager som kan oppstå mens ein er gravid. Det er viktig og fint at jordmora kjem inn på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Ho kan informere leiaren om kva ein graviditet kan innebære, med utslag som uvelkjensle og trøytteleik for den gravide. Dermed får leiaren vite om desse tinga frå ein fagperson. At leiaren blir informert tidleg, er ikkje det same som at ein skal trenge å annonsere graviditeten sin for alle og einkvar. Det er ingen grunn til at ein skal kvi seg for å delta i desse møta. Dette er samtalar kor ein først og fremst får

praktiske og faktiske opplysningar, understrekar Monica.

– Dessutan gjorde samtalanene at eg fekk vite kva eg som gravid har krav på andsynes arbeidsgjevar og arbeidsplass. Kartlegging av risikofaktorar og tilrettelegging av arbeidet blir drøfta i samråd mellom den gravide, jordmora og leiaren. Dermed blir det lagt eit godt grunnlag for tilrettelegging av arbeidet. Med dette trur eg at ein hindrar ein del unødvendig bruk av sjukemeldingar. I staden kan ein vere på jobb og få tilrettelagt arbeidet medan ein er gravid, seier Monica.

– Dette var til god hjelp, slik at vi saman kunne leggje tilrette arbeidet hennar under svangerskapet, seier sjefen til Monica, underdirektør Karl-Erik Rørmork, som er nøgd med at det er innført rutinar for oppfølging av gravide arbeidstakarar. Som leiaren har han delteke i møta saman med Monica Dypaune og jordmora, og tykkjer han vart godt informert om Monica sin situasjon.



### LITT OM ARBEIDSMILJØET

#### Sjukefråver

Sjukefråveret i 2009 var på 6,0 prosent. Dette er ein reduksjon på 10,4 prosent i høve til 2008. Sjukefråveret er fulgt opp i tråd med avtalen om inkluderanda arbeidsliv.

Brønnøysundregistra utarbeider individuelle oppfølgingsplanar, gjennomfører oppfølgingssamtaler, og jobbar aktivt med tilrettelegging. Vi nyttar bedriftshelsetenesta aktivt og samarbeider med NAV Arbeidslivssenteret.

Brønnøysundregistra har satsa mykje på å få ned sjukefråveret. Det er sett i verk ei rekke tilbod/ordningar dei siste åra, mellom anna treningstilbod for tilsette med helseplager, støtte til treningsavgift, pausetrim og ulike former for individuell tilrettelegging. Det ser ut som om tiltaka som er sette i verk, saman med auka søkelys på tilboda frå bedriftshelsetenesta, har hatt ein positiv effekt.

#### Velferd

I 2009 har vi hatt ein særskilt kreativ og aktiv velferdskomité. Det har vore mange arrangement i løpet av året. Komiteen har fått mange positive tilbakemeldingar frå dei tilsette.

#### HMS-revisjon

I 2009 er det gjennomført ein intern HMS-revisjon for områda brannvern og oppfølging av sjukmeldte.



## DELTEK PÅ TVERS AV LANDEGRENSENE

Brønnøysundregistra var involvert i fleire internasjonale prosjekt i 2009. Å vere ein del av det arbeidet som skjer utanfor landegrensene, er viktig.

Avdelingsdirektør for Plan- og utviklingsavdelinga ved Brønnøysundregistra, Håkon Olderbakk seier at deltakinga i internasjonale prosjekt og fora er viktig av fleire årsaker

- Ein grunn er EU-perspektivet, som vi lyt ta omsyn til, seier han. Vidare fortel Olderbakk at det å treffe andre innanfor same bransje gir verdfull kunnskap og kontaktnett.
- Å delta på den internasjonale arenaen er ein fordel. Når menneske frå ulike land samlast, vert idear og tankar baserte på erfaring utveksla, og nokre av desse kan vi ta med oss heim, utvikla vidare og tilpassa forholda våre, seier Olderbakk.

I fjor tok Brønnøysundregistra imot delegasjonar frå blant anna Zanzibar og Liberia. Av engasjement utanlands kan vi nemne Kirgisistan, der Brønnøysundregistra samarbeider med Statistisk Sentralbyrå om utvikling av samhandling mellom registere.

Nokre av dei internasjonale arenaene Brønnøysundregistra deltok på i 2009 er:

- Peppol (Pan-European Public eProcurement On-Line)
- EBR (European Business Register)
- ECRF (European Commerce Register's Forum)
- CRF (Corporate Register's Forum)

## DITT EUROPA VISER VEG TIL NOREG

Ditt Europa (Your Europe) er ein europeisk nettportal (<http://ec.europa.eu/youreurope/>) som viser mogleheitene i den indre marknaden. Portalen er delt i to, med ein seksjon for privatpersonar og ein for næringslivet.

Seksjonen for næringslivet inneheld temabasert informasjon om EU og kvart einskild land sine lovar og reglar i samband med etablering og drift av verksemder i unionen. Kwart tema inneheld teoretiske og praktiske opplysningar, lenkjer til lovar og reglar og aktuelle nettstader. Portalen gir brukarane god oversikt over kva som må til dersom dei ønskjer å etablere seg på tvers av landegrensane i EU. Det er EU-kommisjonen og DG Enterprise and Industry som står for informasjonen frå EU.

Brønnøysundregistra har gjort arbeidet med å utarbeide dei norske emna for

næringslivsdelen på norsk og engelsk. Vi har hatt løpande kontakt med sekretariatet i dette arbeidet.

I tråd med framdriftsplanen vart arbeidet vårt ferdig i november 2009, medan lanseringsdatoen vart utsett frå slutten av desember 2009 til februar 2010. Dette var eit resultat av stort arbeidspress hjå sekretariatet sine underleverandørar.

Vi skal og stå for vedlikehald og oppdatering av dei norske emna.

# EIT GODT KONKURRANSE-ÅR FOR ELMER

Det meste kan vere tema for ein konkurranse, også elektroniske system i det offentlege. Til inspirasjon og oppmuntring for offentlege slitarar vert det år om anna utlyst konkurransar mellom trauste forvaltningsorgan, blant anna om dei beste, mest framtidretta eller mest nyskapande løysingane for å utnytte IKT i samfunnet si teneste. I 2009 har ELMER gjort inntrykk på kravstore juryar både internasjonalt og innanfor landegrensene.

ELMER står for Enklare og meir effektiv rapportering og er ei samling krav til brukarvenlegheit i offentlege skjema på Internett. Brukarvenlegheita i nettskjemaet er heilt avgjerande for om spørsmål skal vere lette å skjøne, bli svart riktig på første gong og gi grunnlag for korrekt sakshandsaming. Gode skjema er altså viktig både for å gje bedriftene ein enklare skjema-kvardag og for å sikre kostnadsavgrensing og kvalitetsbetring i offentlig verksemd.

Alle offentlege skjema for næringslivet skal følgje ELMER. Det betyr at meir enn 6 000 forskjellige nettskjema til stat og kommune i dag har lik utforming og funksjonalitet, uavhengig av kva etat som står bak eller kva system verksemda brukar.

Retningslinene er laga på oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet, medan det er Brønnøysundregistra som skal vidareutvikle dei og følgje opp at det blir teke omsyn til dei når etatane lagar skjema.

ELMER har meir enn hundre enkeltkrav. Mange av krava må vere oppfylte av det datasystemet som skjemaet blir utvikla i. Alle dei som set saman spørsmål, svaralternativ, hjelpetekstar og feilmeldingar i sjølve skjemaet må forstå og ta omsyn til andre krav. Brønnøysundregistra medverkar med lærebok og rettleiingar på nett og held heil dags ELMER-kurs for skjema utviklarar to gonger i året.

## Sølvmedalje i Noregsmeisterskapen

ELMER blei ein god nummer to i finalen til Fyrlyktprisen 2009, berre slått av Meteorologisk institutt, som stilte med den populære vèrtenesta yr.no. Fyrlyktprisen er Statens Dataforum sin pris for fremjing av erfarings- og kunnskapsutveksling om IKT i forvaltninga. Prisen blir tildelt ein institusjon som har utmerka seg særleg positivt innan IKT-området og kan tene som eit førebilete for andre.

Det er særleg verdiskapingspotensialet og gjenbruksverdien for andre verksemd juryen legg vekt på i denne konkurransen.

## Einaste norske i europeisk finale

Meisterskapen på europeisk nivå, European eGovernment Awards, blir arrangert av EU-kommisjonen annakvart år. Mellom 113 innsende bidrag i kategorien sin var ELMER den einaste norske av 23 finalistar. Prisvinnar i denne klassen blei eit portugisisk system for handtering av jegerlisensar, men ELMER sin stand på den tilhøyrande utstillinga fanga merksemda til ei rekkje departementale IKT-planleggjarar og nettprosjektlearar frå heile Europa.

For mange var det ein ny og spanande tanke at ein heil nasjon kan einast om korleis elektroniske skjema skal sjå ut og oppføre seg på nett. Og eit tankekors at krevjande teknisk tilrettelegging av dataoverføring og IKT-samarbeid lett tar merksemda frå nettbrukaren, skjema utfyllaren, sin situasjon.

### **Eksportartikkel**

– Mykje tyder på at ELMER kan bli ein norsk eksportartikkel på same måten som fleire andre av tenestene våre. Å gjere det enkelt for brukarane er viktig. Dette for at alle dei tenestene som no blir utvikla i alle land for å sikre elektronisk kommunikasjon i det offentlege, verkeleg skal få gjennomslag, meiner direktør ved Brønnøysundregistra, Erik Fossum.

– Konseptane våre for Einingsregisteret og Oppgåverregisteret er for lengst spreidd til ei rekkje land, og no er det Altinn som inspirerer. I dette biletet høver ELMER særst godt inn som sjølv kontaktflata mellom brukar og forvaltning, på tvers av system og løysingar som skjema skal brukast i. Det er spesielt gledeleg at eit konsept som heilt og fullt handlar om brukarvenlegheit får slik merksemd i svært teknisk orienterte miljø, påpeiker Fossum.

### **Busida – Good practice**

Blant dei mange deltakarane i EU-konkurransen som ikkje kom til finalen, blei nokre ganske få tildelt heiderstittelen «Good practice». Brønnøysundregistra sitt prosjekt Busida blei ein av desse.

Busida er ein reiskap for bustyrarar ved konkurshandsaming. Her kan dei sende inn informasjon til Konkursregisteret, finne informasjon frå Brønnøysundregistra og informere kreditorar og andre interessantar om buhandsaminga. Ved å nytte denne tenesta slepp bustyrar å sende informasjon på papir til kreditorane og Konkursregisteret.



*Fornyings- og kirkeminister Rigmor Aasrud gir diplomtet frå EUs «IT-minister» til Lars Uppheim frå Næringslivets hovudorganisasjon (i midten) og Tor Nygaard frå Brønnøysundregistra. Foto: EU-kommisjonen.*



# REGISTEROVERSIKT

## Einingsregisteret

Einingsregisteret samordnar opplysningar om næringslivet og offentlege etatar som finst i ulike offentlege register, og som er gjengangarar på spørjeskjema, og sørgjer for at opplysningane vert samla på ein stad.

## EMAS

EMAS- Eco-Management and Audit Scheme – er ei frivillig ordning for miljøregistrering av verksemder i EU som betyr at verksemda går lenger i miljøarbeidet sitt enn det som er lovfesta miljøkrav. Gjennom EØS-avtalen kan og norske verksemder delta i ordninga.

## Konkurskarantenerregisteret

Konkurskarantenerregisteret vart oppretta for å registrere konkurskarantener ilagd av tingretten, slik at personar med konkurskarantene ikkje kan stifte nytt selskap eller ta på seg andre roller i et slikt selskap. Då Konkursregisteret vart oppretta i 1993, overtok det oppgåvene frå Konkurskarantenerregisteret.

## Ektepaktregisteret

Ektepaktregisteret inneheld avtalar mellom ektefellar som regulerer formuesforhold på andre måtar enn det som automatisk følgjer av lovverket. For at ektepakta skal få rettsvern overfor eventuelle kreditorar, må ho tinglystast i Ektepaktregisteret.

## Oppgåverregisteret

Oppgåverregisteret si hovudoppgåve er å halde løpande oversikt over næringslivet sine oppgåveplikter til det offentlege, og å finne moglegheiter for samordning og forenkling. Målet er å hindra overflødig innsamling og registrering av opplysningar, særleg av omsyn til små og mellomstore verksemder.

## Gjeldsordningsregisteret

Gjeldsordningsregisteret inneheld opplysningar om kven som har fått innvilga gjeldsforhandlingar og gjeldsordningar. Det inneheld og opplysningar om kor i saksbehandlingsprosessen ei sak er.

## Rekneskapsregisteret

Rekneskapsregisteret er den viktigaste datakjelda for alle som ønskjer å orientere seg om den økonomiske tilstanden i norsk næringsliv. Innsendingspliktige føretak skal kvart år sende inn årsrekneskap, årsberetning og revisjonsberetning innan ein måned etter at det er vedteke. Målet med ordninga er å sikre økonomisk tryggleik og effektivitet.

## Jegerregisteret

Jegerregisteret er eit register over personar som har kvalifisert seg til å drive jakt i Noreg, og gir eit oversyn over kven av dei registrerte jegerane som har betalt jegeravgifta. Jegerregisteret inneheld og opplysningar om personar som er frådømt jaktrett for kortare eller lengre tid.

## Lausøyreregisteret

Lausøyreregisteret er eit tinglysingsregister for rettar og pant i lausøyre. Ei tinglysing medfører at retten eller pantet vert registrert som hefte på den personen eller det føretaket pantekravet rettar seg mot. Tinglysing gir rettsvern overfor kreditorar.

## Reservasjonsregisteret

Reservasjonsregisteret skal gjere det enklare for privatpersonar å reservere seg mot at adressene deira vert nytta til adressert reklame i posten eller til telefonsalg.

## Lotteriregisteret

Lotteriregisteret er eit landsdekkjande register og sakshandsamings- og arkivsystem for forvaltning av lotterimarknaden i Noreg. Det er Lotteritilsynet i Førde som har ansvaret for Lotteriregisteret, i samarbeid med Politiet, men registeret vert drifta frå Brønnøysundregistra.

## Alternativ behandling

Registeret for utøvarar av alternativ behandling er viktig for alle som treng opplysningar om registrerte utøvarorganisasjonar. Registerordninga skal bidra til å ta vare på pasienttryggleik og forbrukarrettar for den som oppsøker ein registrert alternativ behandlar, og til seriøsitet og forretningsmessige ordna forhold mellom utøvarar av alternativ behandling.

## Partiregisteret

---

Partiregisteret er eit register over politiske parti. Hovudmålet med registerordninga er å gi politiske parti høve til å skaffe seg einerett til eit partinamn. Registreringa i Partiregisteret danner grunnlag for kven som kan representere partiet overfor valmyndigheitene.

## Konkursregisteret

---

Konkursregisteret inneheld opplysningar om konkursbu og tvangsavviklingsbu. Registeret inneheld sentale opplysningar om kvart bu, mellom anna kven som er eller har vore dagleg leiar, styreleiar og revisor i eit konkursramma føretak, og om styreleiar, dagleg leiar eller innehavar har roller i andre føretak på tidspunktet for konkursopning.

## Altinn

---

Altinn er ei felles løysing for elektronisk dialog mellom næringsdrivande og offentlege myndigheiter. Næringsdrivande kan sende inn skjema gjennom nettportalen eller direkte frå verksemda sitt datasystem, og dei offentlege verksemdene kan sende meldingar attende. Altinn vert forvalta av Brønnøysundregistra.

## Frivilligregisteret

---

Frivilligregisteret skal betre og forenkle samhandlinga mellom frivillige organisasjonar og offentlege myndigheiter. Registeret skal og sikre systematisk informasjon som kan styrkje legitimiteten til og kunnskapen om den frivillige aktiviteten og legge til rette for den offentlege politikken overfor frivillig sektor.

## Gebyrcentralen

---

Gebyrcentralen si oppgåve er å registrere og fakturere bilag som grunnlag for føring av rekneskap og krevje inn gebyr til staten. Det gjeld gebyr for tvalgssal, utleggsforretningar og andre tvangsforretningar som vert utført av lensmenn og byfutar.

## European Business Register

---

European Business Register (EBR) er eit europeisk nettverk for utveksling av føretaksopplysningar. EBR gjer offisiell informasjon om europeiske selskap tilgjengeleg online over heile Europa, på tvers av barrierar som kan oppstå som følge av ulike språk, teknologi, lovgjeving og liknande.

## Akvakulturregisteret

---

Akvakulturregisteret inneheld eit oversyn over akvakulturløyver og ein del vesentlege vedtak knytt til desse. Det inneheld og eit oversyn over overføringar, pantsettingar og andre rettar som er tinglyste på løyvene.

## Føretaksregisteret

---

Føretaksregisteret har ansvaret for registrering av alle norske og utanlandske føretak i Noreg. Registeret skal sikre rettsvern og økonomisk oversikt. Alle næringsdrivande føretak pliktar å registrere seg i Føretaksregisteret.

## Narviktelefonane

---

Telefon 800 33 840 er ei nasjonal informasjonsteneste som gir svar på spørsmål om regelverk ved oppstart og drift av føretak.



## ALTINN BIDREG TIL BETRE MILJØ

Altinn II-prosjektet, som står for vidareutvikling av Altinn, arbeider med å talfeste miljøeffektar av Altinn. Miljøomsyn innanfor IKT-bransjen er eit felt i vekst, og det er ei utfordring å finne gode indikatorar for å måle effektane på miljøet.

Dei overordna samfunnsmåla med Altinn er å bidra til eit meir konkurransedyktig næringsliv og ei meir kostnadseffektiv offentleg forvaltning. Altinn II har fått klare føringar frå Nærings- og handelsdepartementet om å ta med miljøaspektet i vidareutviklinga av Altinn. – Her er dei største utfordringane å finne indikatorar å måle desse ut i frå, og å talfeste resultatane dette har på miljøet, seier rådgjevar Mona Elisabeth Terning, som arbeider med gevinstrealisering i Altinn.

Grøn IT er eit omgrep som famnar om dette. Dette dreier seg om at IKT-bransjen

har gått saman i ein felles dugnad for eit betre klima. Bransjen har teke på seg ansvar for mellom anna eiga miljøpåverking, og for å levere smarte løysingar som skal føre til lågare klimakonsekvensar i andre sektorar.

### Grøn IT og Altinn

I Altinnsamanheng er det mest vanlege argumentet for å spare miljøet. Vi kan nemne at ein bruker mindre papir når ein rapporterer elektronisk. Til dømes rapporterer ni av ti bedrifter skatt og meirverdiavgift elektronisk gjennom Altinn. Det vil seie at miljøet blir spart for utsending av om lag ein million meirverdiavgiftsskjema og ein million innbetalingsblankettar på papir. Og rundt 200 000 meldingar til Einingsregisteret og Føretaksregisteret ved Brønnøysundregistra kom i 2009 inn gjennom Altinn. Her sparer kvar einaste utsending miljøet for om lag 30 sider med papir.

Ved at fleire offentlege tenester blir tilgjengeleg gjennom elektronisk rapportering, vil dette ha ein stadig større effekt på reiseverksemd og transport mellom brukarane. Når brukarane kan gå inn i Altinn og rapportere inn til fleire etatar på ein og same nettstad, slepp ein å møte opp hos fleire etatar for å gjennomføre dei same oppgåvene.

Ein viktig miljøgevinst ligg og i det IT-utstyret som ikkje blir kjøpt inn av det offentlege når etatane vel å bruke Altinn i staden for å lage eigne løysingar for innrapportering. Dette fører til produksjon av færre IT-komponentar (maskinvare). Produksjon av desse komponentane fører med seg miljøgifter, mellom anna nokre få prosent av verda sitt CO<sub>2</sub>-utslepp.

Felles IT driftsmiljø på tvers av etatane gjev også betre gjenbruk og utnytting av serverar og annan maskinvare som igjen gjev lågare forbruk av straum. Dette er også ein betydeleg miljøgevinst.

### **Gevinstrealisering måler miljøgevinsten**

Gevinstrealiseringsprosjektet skal, i samband med tenesteeigarane, vere ein prosess for å etablere funksjonar for effektiv koordinering av gevinstar knytte til Altinn. Altinn II vil gje gevinst for miljøet, sjølv om denne er vanskeleg å talfeste. Gevinstrealiseringsprosjektet har nokre indikatorar på dette som kan gjere det mogleg å talfeste denne miljøgevinsten.

På alle indikatorar som er sette opp i Altinn sin plan over effektar av miljøtiltak, er det venta vesentlege verknader som ikkje er målt i Altinn II. Det vil også vere andre effektar, men alle er ikkje identifiserte enno. Utfordringa når ein skal måle effektar og verknader, er at desse ikkje blir målt fleire gonger.



SØK





# ALTINN VISER VEG FOR NÆRINGSLIVET I EUROPA

Heilt på tampen av 2009, då tenestelova tok til å gjelde 28. desember, fekk Altinn ny status og nye oppgaver. Tenestelova gjennomfører EU sitt tenestedirektiv i Noreg. Det vil mellom anna seie at Noreg, akkurat som EU-landa, skal etablere eit felles kontaktpunkt i det offentlege for alle som vil drive næringsverksemd over landegrensene. Her i landet skal kontaktpunktet vere Altinn.

Alt frå 28. desember viser ei ny engelskspråkleg informasjonsside på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) veg til engelske forklaringar på norske næringsreglar og til statlege informasjonssider på engelsk.

Frå same tid leverer Altinn også viktig informasjon på norsk om køyrereglar for å oppfylle bedriftene sitt samfunnsansvar i internasjonalt arbeid. Det handlar blant anna om miljøomsyn, menneskerettar, arbeidstilhøve og antikorrupsjon. Alle norske myndigheiter og organisasjonar

med ansvar på området har bidrege med innhald til desse nye Altinn-sidene. Kontaktpunktet skal vere fullt utvikla i løpet av 2011.

## Samordna informasjon

– Altinn står godt rusta til å fylle dei oppgåvene som følgjer av tenestelova, fortel direktør Erik Fossum ved Brønnøysundregistra.

– Alt frå starten i 2003 var tilgjengelegging av alle skjema på ein stad, støtta av ei felles teknisk løysing, eit hovudmål

for Altinn. Og i 2007 starta eit arbeid for å samordne all statleg næringsretta informasjon om reglar og støtteordningar. Overføring av nettstadene Bedin og Bedriftshjelp til Brønnøysundregistra er eit ledd i dette arbeidet, forklarer Fossum.

I dag er Altinn komen langt med å samle informasjon og rettleiing på tvers av forvaltningsområde på ein stad. Parallelt vert det etablert prosedyrar som sikrar at den enkelte etaten likevel har full kontroll med dei tekstane som vert presenterte. Dette er heilt i tråd med korleis kontaktpunktet etter tenestelova er meint å fungere. Informasjon om formelle søknadsprosedyrar og tilbakemelding frå søknadshandsaming skal dei utanlandske brukarane finne i Altinn når utviklingsprosjektet er avslutta.

## Fleire må bidra

– Ansvaret for å utvikle elektroniske løysingar som kan gjere slik informasjon tilgjengeleg ligg hos den enkelte søknads-

instansen, altså hos kvar enkelt etat eller myndigheit, presiserer Erik Fossum. Jobben vår vert å leggje til rette, altså å syte for at Altinn har teknologi og rutinar for å ta imot og vise fram dei opplysningane som myndigheitene til ei kvar tid kan levere. Eit eksempel kan vere status og resultat av den enkelte søknadsbehandlinga. Men vi skal også hjelpe til som rådgjevarar. Vi skal hjelpe og kvar ein i det interne arbeidet med å knyte seg til Altinn på dei måtane som der og då er mest hensiktsmessig.

– Dette er allereie heilt vanlege arbeidsoppgåver hos oss, når etatar og kommunar tar i bruk Altinn som navet i kommunikasjonen sin med aktørane i det norske næringslivet. Så dette har vi røynsle med, lovar direktør Erik Fossum.

## KONTAKTPUNKT I SAMSVAR MED TENESTEDIREKTIVET

Gjennom kontaktpunktet skal alle tenesteytarar, i dei bransjane som fell inn under tenestedirektivet, kunne

- få all informasjon som er naudsynt for å starte ei verksemd,
- fullføre søknadsprosedyrar gjennom kontaktpunktet og
- få tilbakemeldingar om løyver etter innsending av søknad.

Kontaktpunktet kan berre automatisere informasjonsstraumen i den grad kommunar og statsetatar sjølve gjer ordningane tilgjengeleg elektronisk.

## ALTINN II: FORSEINKING GJEV KVALITET

Når ein skal oppsummere året for Altinn II-programmet, kjem ein ikkje utanom at versjon 1 vart forseinka. Men forseinkinga førar til betre kvalitet, og gjev få konsekvensar for framtida til programmet.

Altinn II-programmet har hatt eit år med stor aktivitet i 2009, og vidareutviklinga av versjon 1 av Altinn II har vore den toneangivande aktiviteten. Versjonen, som først og fremst tek Altinn over i ei ny teknologisk løysing som er grunnlaget for å byggje nye og betre tenester til brukarane, skulle vore levert i oktober. Då ein såg at tida som var satt av til testing og kvalitetssikring ikkje var tilstrekkeleg, valde partane i Altinn-samarbeidet å utsetje produksjonssettinga av løysinga.

### Kvalitet har høgaste prioritet

Då forseinkinga var eit faktum, presiserte direktør Erik Fossum at utsettjninga kom fordi brukarane av Altinn skulle vere sikra stabile tenester av høg kvalitet. – Det vil

alltid vere ein risiko for at nye løysingar av denne storleiken kan ha barnesjukdomar. Ved å unngå å setje løysinga i produksjon no, reduserer vi risikoen, sa Fossum.

Versjonen var ferdig utvikla i desember 2009, men han vart ikkje gjort tilgjengeleg i 2009. Altinn har stor trafikk, og difor kan løysingar berre setjast i produksjon i bestemte vindauger.

Versjonen vert difor levert i to omgangar. Tenesteutviklingsløysinga, der teneste-eigarane kan utvikle skjema og tenester, vart tatt i bruk i februar 2010. Sluttbrukarløysinga, som gjer det mogleg å legge tenestene ut på altinn.no, vert tilgjengeleg i juni.

– Å dele produksjonssettjninga i to, gjer det enklare for oss å sikre kvalitet og minske risiko, fordi kvar produksjonssettjning har mindre omfang, forklarar Hallstein Husand, programleiar i Altinn II-programmet. – I alt arbeid med Altinn-løysinga har kvalitet høgaste prioritet, stadfestar han.

### Verdsklasse som mål

Parallelt med arbeidet med versjon 1 av Altinn II, sette ein også i gang arbeidet med versjon 2. Dette gjorde at forseinkinga av versjon 1 ikkje fekk stor innverknad på framdrifta i Altinn II-programmet.

Med versjon 2 blir det høve til å få meir ut av Altinn-plattformen. Mellom anna kjem samhandlingstenester (eDialog/eForvaltning), der ein kan kombinere fleire tenester, både førehandsdefinerte og hendingsstyrte.

– Altinn er ikkje berre ein nettstad, ein teknisk infrastruktur og eit utviklings-

verktøy. Det er også eit vellukka samarbeidsprosjekt i offentleg forvaltning, og Altinn II bidreg til å forsterke dette også. Målet er at Altinn skal verte eForvaltning i verdsklasse, noko vi meiner Altinn alle-reie er på nokre område, seier Husand.

## JUSTERT ORGANISASJON BAK ALTINN

Ved Brønnøysundregistra er arbeidet med Altinn plassert innfor ei eiga avdeling, som har namnet Avdeling for nasjonal e-forvaltning og infrastruktur (AEI). Avdelinga blei oppretta 1. januar 2007.

Frå starten av 2009 har avdelinga arbeidd med å gjere om på den interne organiseringa. Krav, forventningar og rammevilkår har endra seg vesentleg sidan avdelinga blei oppretta, utan at dette har gitt utslag for måten AEI er organisert på. Det var derfor naudsynt å revurdere organisasjonsstrukturen. Arbeidet starta med ein analyse av den dåverande situasjonen i AEI.

– Målet med prosessen var å få ein stabil og fleksibel organisasjon som ville vere robust fem til sju år fram i tid. Det var også viktig for oss å fokusere på dei behova brukarane våre hadde, og oppnå ein stabil og fleksibel organisatorisk struktur, fortel avdelingsdirektør AEI, Roar Olsen. Ved

etableringa av AEI i 2007 vart det starta ein liknande prosess. Denne jobben og det vi har gjort no, dannar grunnlaget for løysingar og tiltak som har resultert i eit nytt organisasjonskart.

### Ny avdelingsdirektør

I løpet av 2009 har AEI fått ny avdelingsdirektør på plass. Roar Olsen byrja i jobben sin etter at organisasjonsutviklingsprosessen hadde starta, og tok del i slutføringa av dette arbeidet. – Eg var klar over at prosessen var i gang, og tykte det var bra å kunne kome inn på eit tidspunkt der eg framleis kunne påverke korleis avdelinga skulle møte noverande og framtidige utfordringar, seier han.

Arbeidet med den nye organisasjonen blei avslutta i 2009, og ny organisasjon er verksam frå 1. januar 2010.

### Kva skjer i seksjonane

#### – resultat av OU-prosessen

AEI er delt inn i fire seksjonar

- Gevinstrealisering: Skal vere pådrivar for samordning og forenkling og maksimere samfunnsnytta av felleskomponentane i mellom anna Altinn og SERES (Semantikkregisteret for elektronisk samhandling).
- Innovasjon og utvikling: Skal utvikle systema, arbeide med prosessane og tenesteutvikling mot etatane som er med i Altinn og SERES.
- Drift og forvaltning: Ansvar for drift av dei systema som er i bruk no. Her finn vi Altinn og SERES sentralforvaltning.
- Stab og fellestenester: Støttefunksjon for heile avdelinga, arbeider med mellom anna, jus, interninformasjon, opplæring, økonomi og leverandørstyring.



### Avdeling for nasjonal e-forvaltning og infrastruktur (AEI):


- Etablert 1. januar 2007.
- Altinn sentralforvaltning og Oppgaveregisteret blir slått saman til AEI.
- **Hovudoppgåver:** Utvikle, drifte og forvalte Altinn og SERES, og halde oversikt over næringslivet sine skjemaplikter og arbeide med utviklingsprosjekt.
- **Føremål:** Oppnå synergi- og samarbeidseffekt.



## PROSENTDEL LEVERT GJENNOM ALTINN

Diagrammet syner kor stor prosentdel av utvalde skjema som vert levert gjennom Altinn. Månadsrapport biomasse og lakselus kan berre leverast gjennom Altinn, noko som fører til ein Altinn-del på 100 prosent.


Skjema til Brønnøysundregistra, samordna registermelding og årsrekneskap, har dei lågaste prosentdelane levert gjennom Altinn. Dei har også den største auken i Altinn-del frå 2008 til 2009.



## TAL PÅ ALTINN-BRUKARAR 2006-2009

Meir enn 440 000 bedrifter og føretak valde å rapportere gjennom Altinn, ein auke på om lag fire prosent frå førre året. Talet på brukarar (unike fødselsnummer) auka med om lag 65 000 frå 2008 til 2009, men talet er framleis ca 25 prosent lågare enn i rekordåret 2007, før stille aksept av sjølvmeldinga vart innført.


Samanlikna med 2006 har talet på bedrifter og føretak som rapporterer gjennom Altinn auka med 29,2 prosent, mens talet på unike brukarar har gått ned med 19,8 prosent.



TRANSAKSJONSSTATISTIKK 2006–2009

Talet på INN-transaksjonar har auka med ca 28 prosent frå 2008 til 2009. Auken er noko større for skjema gjennom portal enn gjennom sluttbrukarsystem (rekneskapsprogram, lønssystem osv). Det vart sendt ut meir enn 2,9 millionar UT-transaksjonar i 2009, noko som er meir enn det dobbelte av talet for 2008.

Tenesteeigarane med flest transaksjonar var Skatteetaten, Brønnøysundregistra og NAV. Transaksjonar til og frå Brønnøysundregistra utgjorde 17,5 prosent av det totale talet på transaksjonar. Talet på transaksjonar til og frå Brønnøysundregistra auka med om lag 31 prosent frå 2008 til 2009. Mattilsynet auka transaksjonsmengda si mest av dei store tenesteeigarane med 75 prosent.



PÅLOGGINGSMEKANISMAR


Talet på påloggingar ved bruk av MinID auka med over 170 prosent frå 2008 til 2009. Denne påloggingsmetoden utgjør no om lag ti prosent av dei totale påloggingane. Bypass Smartcard, som er einaste måte å få høgaste sikkerheitsklarering i Altinn, vart nytta til 4,7 prosent av påloggingane.

Den totale auken i talet på påloggingar frå 2008 til 2009 var 10,2 prosent.




## ALTINN BRUKARSERVICE

Altinn brukarservice svarte på om lag ti prosent fleire telefonar og om lag fem prosent fleire e-postar i 2009 enn i 2008. Ventetida for svar på telefon gikk ned med om lag 12 prosent, mens gjennomsnittleg samtaletid vart om lag ni prosent kortare.



## PROSENTDEL SOM SVARAR JA PÅ ÅRLEG BRUKARUNDERSØKING

Av 2000 spurde næringslivsleiarar kjende 86 prosent til Altinn, noko som er to prosentpoeng betre enn i 2008. Av desse svarte 84 prosent ja på spørsmålet «Har verksemda di rapportert og levert inn offentlege skjema gjennom Altinn?». Dette er to prosentpoeng færre enn i 2008.






## REGISTRERT I EININGSREGISTERET 2006–2009

Tala i denne grafen er og knytta opp til NAV Aa-registeret, Føretaksregisteret og Meirverdiavgiftsregisteret. I 2009 var det ein liten tilvekst i registreringar av einingar i Einingsregisteret. Einingar berre registeret i Einingsregisteret auka med 25 300 fra 2008 til 2009, medan einingar som inngår i eit, to eller alle dei nemnde registra hadde ein total auke på 6 000. I perioden 2006 – 2009 har talet på registreringar auka med 93 200, som er vel elleve prosent. I denne fireårsperioden er det einingar berre registrert i Einingsregisteret som har auka mest, med 51 900.

Ved årsskifte var det registrert 922 700 einingar i Einingsregisteret. Det er 31 300 fleire, eller 3,5 prosent meir, enn i 2008.




## REGISTRERINGAR I EININGSREGISTERET DELT PÅ HOVUDGRUPPER 2006–2009

Siste dagen i 2009 var det registeret 922 700 einingar i Einingsregisteret. Flest registreringar er det i gruppa enkeltpersonføretak, med 491 100. Det var og denne gruppa som hadde den største auken i talet på registreringar, 13 100, noko som er litt i underkant av 3 prosent. Størst prosentvise auke var det i gruppa foreiningar, der det var ein auke på heile 23,4 prosent i forhold til 2008. Nok av årsaka til dette er nok opprettinga av Frivilligregisteret i 2009.

I fireårsperioden 2006–2009 er det gruppa foreiningar som har hatt den største prosentvise auken med vel 54 prosent, medan det er gruppene ansvarleg selskap og offentleg sektor som har minka mest. Enkeltpersonføretak har hatt den største auken i talet på registreringar, 39 000.

I 2009 vart det registrert 73 160 nye einingar i Einingsregisteret.





## SAKER BEHANDLA I EININGSREGISTERET 2006–2009

I 2009 auka mengden saker i Einingsregisteret. Auken var på vel 4 prosent. Størst var auken i slettingar, 5 077 saker, vel 15 prosent. Endringar hadde ein auke på dryge 8 prosent. Det var berre nyregistreringar som hadde ein reduksjon, på i underkant av 3 prosent.

Frå 2006 til 2009 vart talet på saker behandla i Einingsregisteret redusert med litt over 2 prosent. Nyregistreringar har gått tilbake med vel 21 prosent, medan det har vore ein auke i talet på både slettingar og endringar med 23 og 15,9 prosent.

Totalt i 2009 kom det inn 441 830 meldingar til Einingsregisteret. Av desse var 177 586 elektroniske, det vil seie rundt 40 prosent. I fjor auka talet på elektroniske meldingar med 53 245, eller nærare 43 prosent.



## NYREGISTRERTE FØRETAK 2008–2009 OG BESTAND PER 31.12.

Trenden frå 2008 med reduksjon i talet på nyetableringar heldt fram i 2009. Dei fleste nye registreringane i fjor var aksjeselskap med 12 842 registreringar, medan det vart registrert 6 303 enkeltpersonføretak. Det var størst reduksjon i registreringar av nye aksjeselskap, 4 530 færre enn i 2008.


Tala per 31.12. 2009 viser at det er registrert 415 461 føretak i Føretaksregisteret. 213 224 av desse er aksjeselskap. Enkeltpersonføretak utgjør 128 280 av dei 415 461 føretaka. Totalt var det ein auke i bestanden på i underkant av ein prosent. Enkeltpersonføretak som berre er registrert i Einingsregisteret er ikkje med i dette talet.

Totalt vart det registrert 26 210 nye føretak i 2009. Det er ein reduksjon på i underkant av 15 prosent i forhold til 2008.

| Organisasjonsform                      | Nyregistrerte føretak 2008 | Bestand 31.12.08 | Nyregistrerte føretak 2009 | Bestand 31.12.09 |
|--|----------------------------|------------------|----------------------------|------------------|
| Aksjeselskap                           | 17 372                     | 211 439          | 12 842                     | 213 224          |
| Allmennaksjeselskap                    | 7                          | 414              | 3                          | 362              |
| Ansvarleg selskap med uavgrensa ansvar | 503                        | 19 661           | 390                        | 19 032           |
| Ansvarleg selskap med delt ansvar      | 1 808                      | 20 065           | 1 638                      | 20 751           |
| Selskap med avgrensa ansvar            | 41                         | 2 282            | 15                         | 2 193            |
| Boligbyggjelag                         | 1                          | 104              | 0                          | 87               |
| Burettslag                             | 245                        | 8 202            | 99                         | 8 252            |
| Enkeltpersonføretak                    | 6 411                      | 127 148          | 6 303                      | 128 280          |
| Eigarseksjonssameige                   | 509                        | 3 189            | 511                        | 3 703            |
| Europeisk økonomisk føretaksgruppe     | 0                          | 0                | 0                          | 0                |
| Fylkeskommunalt føretak                | 1                          | 13               | 0                          | 12               |
| Forening/lag/innretning                | 49                         | 886              | 33                         | 895              |
| Gjensidige forsikringselskap           | 2                          | 54               | 0                          | 54               |
| Interkommunalt selskap                 | 13                         | 229              | 9                          | 236              |
| Kommunalt føretak                      | 13                         | 235              | 12                         | 236              |
| Kommandittselskap                      | 30                         | 894              | 11                         | 831              |
| Norsk registrert utanlandsk føretak    | 3 598                      | 13 344           | 4 119                      | 15 399           |
| Pensjonskasse                          | 20                         | 21               | 11                         | 33               |
| Partrederi                             | 11                         | 432              | 11                         | 448              |
| Samvirkeføretak                        | 86                         | 96               | 171                        | 304              |
| Statsføretak                           | 0                          | 6                | 1                          | 7                |
| Sparebank                              | 0                          | 119              | 0                          | 117              |
| Stifting                               | 22                         | 936              | 26                         | 938              |
| Andre føretak iflg. særskild lov       | 3                          | 72               | 5                          | 67               |
| <b>Totalt</b>                          | <b>30 745</b>              | <b>409 841</b>   | <b>26 210</b>              | <b>415 461</b>   |

## REGISTRERTE FØRETAK DELT PÅ FØRETAKSTYPAR

Det er ikkje store endringar i registrerte føretak delt på føretakstypar i 2009 i forhold til 2008. Aksjeselskap er framleis den klart største føretakstypen som er registrert i Føretaksregisteret. Denne utgjør over halvparten av alle føretaka, med vel 51 prosent. Det er ein liten reduksjon i talet på nye enkeltpersonføretak. Dette er ein tilbakegang som vi har sett i fleire år. Veksten som kjem fram i diagrammet under «andre» er først og fremst vekst i norskregistrert utanlandsk føretak.





## NYREGISTRERINGAR OG SLETTINGAR I FØRETAKSREGISTERET DELT PÅ FYLKE

Med unntak av Ishavsøyane/Sokkelen har det i 2009 vore ein nedgang i talet på nyregistreringar i alle fylke.

Finnmark var med 302 nyregistreringar i 2009 det fylket som hadde den minste reduksjonen i talet på registreringar av nye føretak. Oslo og Rogaland var fylka med størst reduksjon. Rogaland har og den største negative prosentvise endringa med 26 prosent, følgd av Vest-Agder med om lag 24 prosent.

Det var ikkje særleg stor endring i talet på slettingar i 2009 sett i høve til 2008. I fjor var det 20 687 slettingar medan det året før var 20 778.

| Fylke                    | Sletta<br>2008 | Registrert<br>2008 | Sletta<br>2009 | Registrert<br>2009 |
|--------------------------|----------------|--------------------|----------------|--------------------|
| Østfold                  | 1 170          | 1 522              | 1 101          | 1 345              |
| Akershus                 | 2 257          | 3 301              | 2 258          | 2 979              |
| Oslo                     | 4 349          | 5 742              | 4 322          | 4 932              |
| Hedmark                  | 663            | 885                | 622            | 783                |
| Oppland                  | 653            | 895                | 661            | 791                |
| Buskerud                 | 1 124          | 1 663              | 1 114          | 1 467              |
| Vestfold                 | 972            | 1 446              | 1 089          | 1 275              |
| Telemark                 | 683            | 968                | 623            | 768                |
| Aust-Agder               | 410            | 635                | 421            | 541                |
| Vest-Agder               | 658            | 1 301              | 758            | 993                |
| Rogaland                 | 1 406          | 2 785              | 1 516          | 2 061              |
| Hordaland                | 1 736          | 2 871              | 1 747          | 2 485              |
| Sogn og Fjordane         | 355            | 593                | 363            | 495                |
| Møre og Romsdal          | 942            | 1 381              | 906            | 1 218              |
| Sør-Trøndelag            | 1 043          | 1 624              | 1 065          | 1 281              |
| Nord-Trøndelag           | 412            | 668                | 454            | 569                |
| Nordland                 | 919            | 1 218              | 802            | 1 125              |
| Troms                    | 662            | 799                | 535            | 700                |
| Finnmark                 | 320            | 368                | 273            | 302                |
| Ishavsøyane/Sokkelen/Div | 44             | 80                 | 57             | 100                |
| <b>Sum</b>               | <b>20 778</b>  | <b>30 745</b>      | <b>20 687</b>  | <b>26 210</b>      |

## FØRETAK SENDE TIL TINGRETTE 2006–2009

Sidan 2006 har det vore ei jamn stigning i talet på føretak som er sende til tingretten. I perioden frå 2006–2009 auka talet med vel 41 prosent. I desse fire åra er manglande revisor den hyppigaste årsaka til oversending. Talet på føretak der forhold vert retta opp etter at tingretten tok over saka held óg fram med å vekse i 2009, med ei auke på 59 saker, som utgjer om lag sju prosent.

Manglande revisor er den viktigaste årsaka til at føretak vert sende til tingretten. Dernest kjem gruppa med aksjeselskap som har vore oppløyst i meir enn eitt år.


2 275 føretak vart sende til tingretten i 2009. Etter at tingretten tok over saka, vart det i 834 føretak ordna opp i årsaka til oversendinga. 1 345 føretak vart tvangsoppløyste eller var under handsaming hos tingretten.

| Grunnlag for oversendinga                             | 2006         | 2007         | 2008         | 2009         |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Manglande revisor                                     | 751          | 882          | 966          | 1 211        |
| Ikkje komplett styre                                  | 130          | 145          | 180          | 224          |
| Manglande dagleg leiar                                | 3            | 0            | 1            | 5            |
| Aksjeselskap som har vore oppløyst i meir enn eitt år | 724          | 712          | 739          | 835          |
| <b>Totalt</b>   | <b>1 608</b> | <b>1 739</b> | <b>1 886</b> | <b>2 275</b> |
| Retta opp etter at tingretten overtok saka            | 790          | 710          | 775          | 834          |
| Tvangsoppløyst ev. under behandling hos tingretten    | 870          | 976          | 1 031        | 1 345        |

## INNSENDE ÅRSREKNESKAP FOR ÅRA 2006–2009

Sidan 2007 har fleirtalet av innsende årsrekneskap vorte sende inn gjennom Altinn. Då var det 57 prosent som valde å sende elektronisk. I 2009 valde 69 prosent å sende inn årsrekneskapa elektronisk.


Nokre innsende årsrekneskap vert nekta på grunn av manglar. Nektingsprosenten for dei som sende årsrekneskapa på papir var litt over 15 prosent i fjor, medan nektingsprosenten for dei som valde den elektroniske løysinga i Altinn var på vel ti prosent. Dei vanlegaste årsakene til nekting er at vedlegg til årsrekneskapa manglar eller er feil utfyllt, og at noteopplysning manglar eller er feil utfyllt.



## AKSJESELSKAP SENDT TINGRETTEI I 2009 FOR MANGLANDE INNSENDING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2007

I 2009 vart 480 aksjeselskap sende til tingretten på grunn av manglande innsending av årsrekneskapa for 2007. Dette er ein auke på vel 20 prosent i høve til tala for 2008. Dryge 30 prosent av desse aksjeselskapa sende inn årsrekneskapa og slapp tvangsoppløysing. Det vart opna konkurs i om lag 18 prosent, medan rundt 48 prosent vart tvangsoppløyste. Det var ein reduksjon i delen tvangsoppløysingar av aksjeselskap på 3,5 prosentpoeng i 2009 samanlikna med 2008.

I perioden 2006-2009 har det vore ein auke på om lag 77 prosent (209 stk) i talet på aksjeselskap som vart sende til tingretten.




## KONKURSAR OG TVANGSAVVIKLINGAR 2006–2009

I 2009 var det ei auke i konkursar på 1 387 stykk og talet på tvangsavviklingar auka med 330. Totalt auka konkursar og tvangsavviklingar med om lag 36 prosent. Ser du på tala frå 2007 til 2009 er auken på vel 66 prosent.

Konkurs blir opna når ein person eller eit selskap ikkje er i stand til å dekkje forpliktingane sine eller når aksjekapitalen i selskapet er oppbrukt.


Tvangsavvikling blir opna når eit selskap har meldt oppløysing, men ikkje har meldt endeleg sletting i Føretaksregisteret – eller når eit selskap etter fleire purringar frå Føretaksregisteret ikkje har meldt inn styremedlemmer, styreleiar, dagleg leiar og revisor. Eit selskap kan og tvangsoppløysast dersom det ikkje sender inn årsrekneskap.



## NYE OG SLETTA/UTGÅTTE KONKURSKARANTENAR 2006–2009

Det siste året har talet på nye konkursskarantener auka med vel 14 prosent, medan talet på løpande konkursskarantener har auka med nærare 12 prosent. Talet på utgåtte og oppheva konkursskarantener er det same som i 2008, 296 stk.

Når tingretten gir konkursskarantene, varar den i to år.





## KONKURSKARANTENAR PER 31.12.2009 DELT PÅ FYLKE

Buskerud var fylket som i 2009 hadde flest nye konkursskarantener med 48, det same talet som dei hadde i 2008. Oslo kom på plassen etter med 39. Sogn og Fjordane hadde ingen nye konkursskarantener i fjor, og reduserte dermed nye konkursskarantener med 100 prosent.

Med 296 utgåtte og oppheva konkursskarantener var det ingen endring i dette talet i forhold til 2008. Det er Oslo, Buskerud og Akershus som toppar statistikken i år som i fjor.

Når det gjeld løpande konkursskarantener, ligg Buskerud (78) Vestfold (63) og Akershus (60) øvst på tabellen, medan Sogn og Fjordane (1) ligg nedst. Prosentvis størst auke i Nord-Trøndelag, som hadde 13 løpande konkursskarantener i fjor. Det vil seie ein prosentvis auke på 333 prosent.

| Fylke            | Nye        | Utløpte/oppheva | Løpande    |
|------------------|------------|-----------------|------------|
| Østfold          | 24         | 20              | 49         |
| Akershus         | 34         | 32              | 60         |
| Oslo             | 39         | 57              | 58         |
| Hedmark          | 5          | 13              | 15         |
| Oppland          | 16         | 7               | 21         |
| Buskerud         | 48         | 42              | 78         |
| Vestfold         | 41         | 15              | 63         |
| Telemark         | 3          | 4               | 6          |
| Aust-Agder       | 7          | 12              | 20         |
| Vest-Agder       | 13         | 5               | 15         |
| Rogaland         | 35         | 18              | 49         |
| Hordaland        | 17         | 13              | 27         |
| Sogn og Fjordane | 0          | 1               | 1          |
| Møre og Romsdal  | 16         | 17              | 27         |
| Sør-Trøndelag    | 22         | 11              | 30         |
| Nord-Trøndelag   | 12         | 1               | 13         |
| Nordland         | 10         | 11              | 21         |
| Troms            | 6          | 4               | 15         |
| Finnmark         | 8          | 7               | 12         |
| Utanlands        | 8          | 6               | 13         |
| Ukjend           | 0          | 0               | 0          |
| <b>Totalt</b>    | <b>364</b> | <b>296</b>      | <b>593</b> |

## KONKURSAR OG TVANGSAVIKLINGAR DELT PÅ FYLKE

I 2009 var det ein auke i konkurssar i alle fylke. Det er første gongen på over ti år at det er auke i alle fylke. Den totale auken var på vel 38 prosent. Flest konkurssar var det i Oslo med 842, medan Finnmark hadde 37 konkurssar.

Den totale auken i tvangsavviklingar var på 331 til 1 490, noko til som tilsvarer rundt 28 prosent. Berre fire fylke hadde ein reduksjon i talet på tvangsavviklingar. Størst reduksjon hadde Troms med 15, medan Buskerud og Telemark hadde ein reduksjon på fem kvar. Vest-Agder hadde 22 fleire tvangsavviklingar i 2009. I prosent utgjer det ei auke på 157,1 prosent, og med det var Vest-Agder fylket med den største prosentvise auken av tvangsavviklingar.

Totalt var auken i konkurssar og tvangsavviklingar på om lag 36 prosent.

| Fylke            | Konkursar    |              |               | Tvangsavviklingar |              |               |
|------------------|--------------|--------------|---------------|-------------------|--------------|---------------|
|                  | 2009         | 2008         | Endring %     | 2009              | 2008         | Endring %     |
| Østfold          | 278          | 212          | 31,1 %        | 82                | 65           | 26,2 %        |
| Akershus         | 537          | 400          | 34,3 %        | 166               | 149          | 11,4 %        |
| Oslo             | 842          | 647          | 30,1 %        | 399               | 315          | 26,7 %        |
| Hedmark          | 180          | 101          | 78,2 %        | 35                | 37           | -5,4 %        |
| Oppland          | 188          | 152          | 23,7 %        | 29                | 28           | 3,6 %         |
| Buskerud         | 285          | 220          | 29,5 %        | 71                | 76           | -6,6 %        |
| Vestfold         | 284          | 215          | 32,1 %        | 82                | 43           | 90,7 %        |
| Telemark         | 182          | 112          | 62,5 %        | 29                | 34           | -14,7 %       |
| Aust-Agder       | 94           | 74           | 27,0 %        | 25                | 14           | 78,6 %        |
| Vest-Agder       | 192          | 116          | 65,5 %        | 36                | 14           | 157,1 %       |
| Rogaland         | 308          | 217          | 41,9 %        | 97                | 80           | 21,3 %        |
| Hordaland        | 451          | 286          | 57,7 %        | 165               | 112          | 47,3 %        |
| Sogn og Fjordane | 87           | 68           | 27,9 %        | 14                | 7            | 100,0 %       |
| Møre og Romsdal  | 228          | 165          | 38,2 %        | 46                | 31           | 48,4 %        |
| Sør-Trøndelag    | 299          | 224          | 33,5 %        | 73                | 39           | 87,2 %        |
| Nord-Trøndelag   | 97           | 94           | 3,2 %         | 28                | 18           | 55,6 %        |
| Nordland         | 231          | 166          | 39,2 %        | 43                | 28           | 53,6 %        |
| Troms            | 142          | 93           | 52,7 %        | 32                | 47           | -31,9 %       |
| Finnmark         | 67           | 30           | 123,3 %       | 37                | 22           | 68,2 %        |
| Utanlands        | 11           | 3            | 266,7 %       | 1                 | 0            |               |
| Ukjend           | 2            | 1            | 100,0 %       | 0                 | 0            |               |
| <b>Totalt</b>    | <b>4 985</b> | <b>3 596</b> | <b>38,6 %</b> | <b>1 490</b>      | <b>1 159</b> | <b>28,6 %</b> |

## KONKURSAR OG TVANGSOPPLØYSING DELT PÅ BRANSJAR

Talet på tvangsoppløysingar er høgast for bransjen Eigedomsdrift, utleigeverksemd og forretningsmessig tenesteyting at talet over tvangsoppløysingar er høgast, med 426. Deretter kjem bransjen Varehandel, reparasjon av motorvogner, med 350.

Størst reduksjon var det i bransjen Helse- og sosialtenester, der det var ein nedgang på vel 73 prosent. Finansiell tenesteyting og forskning var det ein reduksjon på 19,5 prosent. Dette er dei einaste bransjane som hadde færre i tvangsoppløysingar i 2009.

| Bransje  | Konkurs      | Tvangsoppløyst | Sum          |
|--|--------------|----------------|--------------|
| Jordbruk og skogbruk   | 27           | 12             | 39           |
| Fiske, fiskeoppdrett   | 25           | 4              | 29           |
| Bergverksdrift og utvinning                                      | 9            | 6              | 15           |
| Industri   | 269          | 57             | 326          |
| Kraft- og vassforsyning  | 0            | 0              | 0            |
| Byggje- og anleggsverksemd                                       | 708          | 203            | 911          |
| Varehandel, reparasjon av motorvogner                            | 1 263        | 350            | 1 613        |
| Hotell- og restaurantverksemd                                    | 320          | 90             | 410          |
| Transport, lagring og kommunikasjon                              | 294          | 95             | 389          |
| Finansiell tenesteyting og forsikring                            | 62           | 62             | 124          |
| Eigedomsdrift, utleigeverksemd og forretningsmessig tenesteyting | 1 531        | 426            | 1 957        |
| Undervisning   | 27           | 12             | 39           |
| Helse- og sosialtenester   | 39           | 14             | 53           |
| Andre sosiale og personlege tenester                             | 265          | 153            | 418          |
| Udefinert bransje  | 146          | 6              | 152          |
| <b>Sum</b>   | <b>4 985</b> | <b>1 490</b>   | <b>6 475</b> |


## REGISTRERTE TVANGSFORRETNINGAR, TVANGSSAL FAST EIGEDOM OG UTLEGGSFORRETNINGAR 2006–2009

Etter ein jamn nedgang av tvangsforretningar i perioden 2003–2008, vart det ein auke på i underkant av 25 prosent i 2009.

Talet på utleggsforretningar har og hatt ein jamn nedgang sidan toppen i 2003, då det var 194 930 utleggsforretningar.

Talet på tvangssal av fast av eigedom har i perioden 2003–2008 vore på mellom 10 373 og 11 599, men i fjor var det ein auke på 2 166. I prosent vil det seie ein auke på 20,5 prosent.

I 2006 tok Statens innkrevjingsentral over ansvaret for tvangssal frå namsmennene. Brønnøysundregistra har berre ansvaret for saker til tingrettane.




## TINGLYSINGAR 2006–2009

Det var ei auke i talet på tinglysingar på om lag 2 prosent i 2009. Størst prosentvis auke var det i tinglysingar i utlegg, der auken var på 62 prosent i forhold til 2008. I salspant i motorvogn var auken på nesten seks prosent. I dei andre kategoriane var det reduksjon i talet på tinglysingar i fjor. Sletting står for vel 44 prosent av tinglysingane, tinglysingar for salspant i motorvogn utgjør 35 prosent.

I perioden 2006 til 2009 har det vore ein reduksjon i dei fleste typar tinglysing. Det er berre for tinglysingar i salspant i motorvogn og utlegg det har vore ein auke i denne tidsperioden. Totalt var det ein auke i talet på tinglysingar fra 2006 til 2009 på om lag tre prosent.


Rekna om i NOK var det totalt tinglyst hefte for 798 432 868 290,63. Dette er ein reduksjon på heile 52,7 prosent i forhold til 2008. Då vart totalt tinglyst hefte rekna om i NOK 1 687 105 506 301,69.



## TINGLYSINGAR 2006–2009

For å visa dei mest nytta dokumenttypane i kategorien «Anna» har vi delt grafen i to. Grafen til venstre viser dokumenttypar som har om lag 10 000 tinglysingar og meir i året. Denne grafen viser dokumenttypane som har færre tinglysingar, og som ligg som kategorien «Anna» i grafen til venstre. I dokumenttypen «andre dokumenttypar» ligg mange små postar, dei minste med eitt dokument og dei største med mellom 660–780 dokument som gjeld påteikningar.

Utviklinga i 2009 viser at det har vore ein reduksjon i desse tinglysingane fra 2008. Nedgangen er på rundt åtte prosent. Det er berre registrert auke i frivillig gjeldsordning og opning av gjeldsforhandlingar. Dersom du ser på tala i tidsrommet 2006–2009, har der vore ein auke på 10 694 tinglysingar eller om lag tre prosent.





## OPNA GJELDSFORHANDLINGAR OG TINGLYSTE GJELDSORDNINGAR 2006–2009

Utviklinga 2008–2009 viser at det har vore ein auke i opning av gjeldsforhandlingar og frivillig gjeldsordning, medan det har vore ein reduksjon i tvungen gjeldsordning.

I 2009 vart det opna 2 660 gjeldsforhandlingar. Dette er 454 fleire eller vel 20 prosent meir enn i 2008. I frivillig gjeldsordning var auken på 32, noko som tilsvarar to prosent. I 2009 enda 318 i tvungen gjeldsordning. Det er ein reduksjon på sju prosent i forhold til året før.

Frå 2006–2009 har opna gjeldsforhandlingar auka med 24 prosent (516 tinglysingar), frivillig gjeldsordning har hatt ein auke med om lag ti prosent (161 tinglysingar) medan det i tvungne gjeldsordningar har vore ein reduksjon på 33 prosent (157 tinglysingar).






## AUTOMATISKE OPPSLAG MOT REGISTRA

Med vel 93 millionar internettoppslag mot Brønnøysundregistra sine databasar i 2009 auka talet med i underkant av 30 millionar i forhold til 2008. Nytt for året er at oppslaga også inkluderer oppslag i Bedin (5 923 221) og søk i Frivilligregisteret (277 464).


Totalt var det ein auke i automatiske oppslag mot Brønnøysundregistra på nærare 45 prosent, noko som er 28 826 778 oppslag. Sjølv om du ser bort frå oppslaga i Bedin og Frivilligregisteret, er auken på 22 626 093 oppslag, eller 35 prosent.

SMS-oppslag hadde størst reduksjon, på drygt 32 prosent, eller 11 233 oppslag. Grunndata frå Einingsregisteret via Web-services auka med heile 10 709 174 oppslag, medan auken for Internett/WAP var på 17 740 027.



## PROSENTVIS DELING AV OPPSLAG MOT ULIKE NETTENESTER


Det har vore reduksjon i prosentdelen i alle nettenester, med unntak av grunndata frå Einingsregisteret via Web Services som hadde ein auke på vel fem prosentpoeng. Denne utviklinga er uavhengig av at dei to nye tenestene Bedin og Frivilligregisteret er med i berekningsgrunnlaget. Tenesta Nøkkellopplysningar fra Einingsregisteret har den største prosentdelen av oppslaga med i underkant av 45 prosent, medan grunndata frå Einingsregisteret via Web Services har 26 prosent. Hefte i motorvogn har vel 11 prosent og kunn-gjeringar har om lag ti prosent av oppslaga.




SPØRSMÅL SVARA PÅ TELEFON  
2006–2009

Frå 2006 til 2008 var det ein nedgang i talet på spørsmål stilte på telefon til Opplysningstelefonen, men i 2009 var det ein liten auke på 875 samtalar. Altinn brukarservice hadde ein auke på drygt 10 000 samtalar. Totalt var auken på telefonsamtalar til Opplysningstelefonen og Altinn brukarservice på vel 2 prosent. Narviktelefonane hadde 12 509 telefonsamtalar i 2009.

